

Kvam herad er positive til arbeidet med regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som legg til grunn ei balansert og berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.

Kvam herad har følgjande innspel til planen:

Pkt. 1. Området i Ålvik, jf. vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur, i fra Seianeset til Kjespso, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar.

Pkt. 2. Området i mellom Fyksesund, Kvamsøy, Øystese og Norheimsund, (frå Nanes til Krossnes) jf. vedlagt kart (område 2) vert vist som regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminalder, der det ikkje er høve til etablering av akvakultur.

Pkt. 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes. Dette området går ut.

Pkt. 4. Området (jf. vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.

Pkt. 5. Området (jf. vedlagt kart, område 4) for akvakultur ved Aplavika/Lingaholmane vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Strandebarm og ved Lingaholmane. Området vert utvida sørover som vist på kartet.

Fleirbruksområde inklusiv botnkultur innafor holmane må vurderast som ein del av kystsoneplanen

Pkt. 6. Fleirbruksområdet (jf. vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta(innanfor tømmerkai, Nes og innerstedet av hyttefelt, Furhovde) Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga av landskap og Kvam herad sine ønske om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.

Pkt. 7. Fleirbruksområdet i frå Årsnes (mellan Dysvik og Oma) til kommunegrensa (jf vedlagt kart, område 6). I området ved Gravdal, bør akvakultur gå ut pga. dei nære kvalitetane og verdiane i strandsonen.

Pkt. 8. Kvam herad støttar området for marint verneområde/ korallar ved Horjona.

Pkt. 9. Heile området vist som område (jf. pkt. 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

Pkt. 10. Området for akvakultur, jf. ventemerde ved slakteriet på Bakka, må vera av eit slikt omfang at det tilfredsstiller arealet som er under regulering i sjø.

Pkt. 11. Ta med setjefiskanlegg på land også i plankartet.

Pkt. 12. Støtte til handlingsprogrammet om å registrera sjøbruksmiljø i Kvam herad.

Pkt. 13. Ta med «Ytre Hardanger», jf. mellom anna side 40, der det har falle ut av planen, og der det er naturleg å ta inn i planen.

Pkt. 14. For alle områder der det er stor djupne, må fortøyningssone komma i tillegg.

Pkt. 15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med som industrikkai regionalt viktig, under tema «Regionalt viktige næringsområde ved sjø».